



Seljord kommune

Orientering til formannskapet
30.04.2020

Seljord - Det gode vertskap

Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Status beredskap Seljord kommune

- Beredskapsleiing, måndag - tysdag og fredag kl 08:00-09:00
 - Redusert omfang frå fredag 24.04.20
 - Frå onsdag veke 19 reduserast møte til onsdagar kl 14:00-15:30

Agenda er blitt endra frå akutfase til meir generell samfunnsperspektiv, i tråd med utvikling av situasjonen

Aktuelle tema no er:

- Forsøke å få ein avklaring på store arrangement etter 1. sept
- Nasjonal veileiar for campingplassar
- Opning av barnehage 21.04.20
- Opning av skule 1-4 kl, 27.04.20
- Smittevernutstyr
- Smittevernoppfølging

Referat frå beredskapsmøta blir lagt i Teams



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Status drift Seljord kommune

- Økonomi
 - Orientert i kommunestyret 15.04.20, munnleg status
 - Formannskapet 30.04.20, beste info så langt
 - Kommunestyret 14.05.20
 - Tertialrapportering medio mai, jf økonomisk årshjul

Pga koronasituasjonen må ein rekne med nokre forskyvingar i forhold til eit normalår



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Status drift Seljord kommune

- Økonomi

Pr. no er det bokført **kr 533.242,66** (ekskl. mva.) på dette prosjektet.

Løn sentralbord/ekspedisjon	7 280,43	
Løn reinhald	16 876,88	
Løn helse og omsorg	6 538,14	To "manuelle" timelister, IKKJE GAT
Sum løn	30 695,45	
Ansiktsmasker	70 479,20	
Eingongshanskar	35 000,00	
Anna utstyr/forbruksmateriell	141 732,41	Dvs. diverse smittevernutstyr/-forbruksmateriell
Sum smittevernutstyr	247 211,61	
IT-utstyr (heimekontor)	231 935,60	Av dette Atea AS kr 216.399,00
Annonsering koronatiltak/beredskap	23 500,00	Vest-Telemark Blad
Sum prosjekt 160 "Koronatiltak"	533 342,66	Bokført pr. 30.04.2020 kl. 07:26



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Status drift Seljord kommune

- Økonomi

På prosjekt 160 «Koronatiltak» vert det ført ekstraordinære koronau**tgifter**, ikkje tapte inntekter pga. korona.

Når det gjeld ekstra lønsutgifter i pleie/omsorg og helse så er det **ikkje bokført ei einaste krone**. Dette skuldast at prosjektdimensjonen, som er registrert i GAT, ikkje har kome med i sjølve bokføringa i Agresso. Dette er ein sak som er meldt til brukarstøtta i Unit4 (Agresso), men som vi ikkje har fått avklart enno. Uansett er det berre «koronatimar» jobba i mars, som ville ha blitt bokført i Agresso pr. no (om alt hadde fungert som det skulle). Koronatimar jobba i april blir ikkje bokført før etter lønskøyninga i mai (truleg 7. mai). Kostnaden med koronatimar i mars (i GAT) må «rekonstruerast». Når det gjeld timane i april så får vi håpe at det vert ordna før lønskøyninga i mai.

.... og når det gjeld bokføring på prosjekt 160, så er det ikkje meir «fullstending» enn at det er summen dei utgiftene (fakturaer, timelister og reiserekningar) som attestant og tilvisar har hugsa på å påføre prosjekt 160 (i tillegg til konto, ansvar og teneste).



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

3. tertial: September - desember

1. tertial: Januar - april



2. tertial: Mai - august

Årshjulet er ikkje justert for koronasituasjonen



Seljord - Det gode vertskap



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Status drift Seljord kommune

- Tenester
 - Jobbar med å kome attende til ein ny type normaltilstand, som er normalisering av drift tilpassa koronasituasjonen

Kva er normalisering etter korona?

- Forsøker å gi tenester som før korona, men tilpassa nye smittevernrutinar og smittevernberedskap – Ting tar meir tid i tenestene
- I perioden midt mars til midt april har mykje stått på vent. Jobbar med å starte opp att med saker og oppfølgingar

Når opnar vi igjen?

- Følger nasjonale retningsliner om å redusere kontakt mellom folk
- Følger nasjonale retningsliner om å halde folk på heimekontor der det går ann
- Kommuneoverlegane i Vest-Telemark har temaet oppe jamleg



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Status div saker

- Klage på retningsliner for støy i Seljord kommune
 - Den generelle regel er at det ikkje er klageadgang på generelle retningslinjer eller forskrifter som kommunen har vedteke

Må nytte seg av retten til å påverke i politiske saker neste gong saka kjem opp, for eksempel ved ein evaluering/revisjon.

- Sak til k-styre 14.05.20
 - Val av meddommarar til Vest-Telemark tingrett
 - 9 menn og 9 kvinner
 - Val av skjønnsmedlemer til Jordskifteretten
 - 7 faste og runda av til 2 vara, tilsaman 9 personar med kompetanse innan jord-, skog-, landbruk, bygge- og anleggsbransjen, taksering av eigedom, rekneskap, revisjon eller eigedomsmekling

Velgast etter domstollova kapittel 5, §§ 70-72



Seljord - Det gode vertskap



Programområde 2 Skule og oppvekst



Seljord kommune



Siste 7 veker

- 12. Mars kl 18.00: alle skoler og barnehagar stengt
- 13. Mars kl 08.10: Distribuert undervisning startar opp frå heimekontor
- Bruk av ShowBie, Fronter og Teams
- Midlertidig forskrift til opplæringslov, bamehagelov og integreringslov
- 15.mars: Seljord lyser ut tilbod; samfunnskritisk funksjon/særlege behov, ca 40 barn/elever
- Eigne retningslinjer for oppfølging av barn/elevlar i Seljord
- Påsketilbod utlysast/beredskapsvakt oppretta
- Ekspertutval leverer rapport/ny midlertidig smittevernsforskrift: opning av barnehage og skole
- Nasjonale rettleiar utarbeida; barnehage, 2 for skole
- Opning: barnehage den 23/4 skole den 27/4
- Redusert opningstid i barnehage og SFO



Seljord - Det gode vertskap






Seljord kom

Konsekvensar/utfordringar

- Streng etterleving av rettleiar legg beslag på meir tilsette enn vi har – redusera opningstid
- Balanse mellom lov, forskrift, smittevern
- Utvida tilbod går utanfor ressursramme
- Forhandla fram redusera planleggingstid
- Auka reinhald/kostnad
- Ein del rigging/kostnad til no
- Utfordring med plass når 5. - 7. trinn opnar
- Bemanning er sårbar
- Alt anna må leggjast til side
- Fortsatt veldig mye arbeid, kveld og helg, folk strekker seg veldig langt, er slitne



Programområde 3 Helse og omsorg

- Organisering av drift
- Personleg smittevernutstyr
- Opplæring av dei tilsette



Bilde: VTB



Programområde 3 Helse og omsorg

Normalisert drift, men
ikkje normal drift

Nye oppgåver:

- Testing for smitte
- Endring av vedtak
- Handsaming av tvang
 - Søke om godkjenning av institusjon for isolering under tvang



Programområde 4 – Samfunn og drift

- Mindre ombygging kommunehus, nytt Navkontor = ny inngang
- Asfalt parkeringsplass ved kommunehus
- RV 36 opnar i kveld.
- Vårflaum - redusert ned varselsnivå på austlandet
 - *Et viktig tiltak er å åpne og rense avløpsveier som stikkrenner og kummer for å sikre at vannet får fri passasje forut for vårflommen.*
 - *Et annet viktig tiltak er å flytte alle verdier og løse gjenstander bort fra områder som kan bli oversvømt. Dette dreier seg blant annet om kjøretøy, campingvogner, anleggsmaskiner, rundballer, plast og annet avfall.*
 - *I løpet av mai-juni må vi være forberedt på å flytte campingvogner og andre løse gjenstander fra flomutsatte områder. En kan få tilsendt flomvarsel på epost og/eller SMS ved å abonnere på flomvarsel for ditt område her: abonner.varsom.no. Dette er en gratis tjeneste*



Programområde 4 – Samfunn og drift

Nordbygdi industriområde

- Norconsult driv med prosjektering av avkjørsle og bru, + interne off vegar.
- SK sender snart ut førespurnad om prosjektering av V/A til området.
- Fleire aktørar (Dyrskun, Bergene Holm, TBR m.fl) har store interesser i utvikling av området.
- SK har hatt møte med alle partar og vår tilnærming er å bruke felles utbyggingsavtale for å sikre ein heilskapleg utvikling og finansiering av tiltak i område.
- Prosjektet krev brei offentleg økonomisk stønad, samt vilje frå aktørane til å bidra.
- SK utarbeidar søknad til TUF når ein har fått oversikt over kostnadsbilde*. (*SVV skal bistå kommunen med dette).
- TBR ynskjer trinnvis utbyggingsavtale, der ein skiller ut avkjørsle frå resten av infrastruktur, (bru /intern vegar).
- SK har satt av 5.millionar til utvikling av Nordbygdi industriområde, og vi må ha ei oversikt over totalkostnad og søkje delfinansiering på totalbilde. Dette gjer det vanskeleg å forplikte SK I ein trinnviss utbyggingsavtale slik TBR ynskjer. Dette har vi informert dei om, muntleg og skriftleg gjennom møtereferat.

